

Arve Kjell Uthaug  
Grønlandsvegen 15  
5918 FREKHAUG

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
23/990 - 6 / CMS

Dato:  
03.11.2023

## Spørsmål om hyttefeltet i Bergsvikmarka

Me syner til e-post motteke 7.10.2023.

Kommunen svarar på spørsmåla dine under:

### A.1:

Ja, som tidlegare nemnt er dette to ulike sakar.

### A.2:

Kommunen reknar med at tilbakemedling frå utførande kjem innan rimeleg tid. Kommunen forstår at det allereie i skrivande stund nærmar seg slutføring. Då vil kommunen sjekka med drone og skriva ut ferdigattest viss alt er ok. Dette er likevel ikkje ansvaret til kommunen og sørgja for. Kommunen kan heller ikkje svara på tidsmessig framdrift i saka. Det er ikkje bygningsmydnigheita si oppgåve eller ansvarsområde.

### A.3:

Kommunen følgjer opp saka her i dialog med grunneigarane. Du treng ikkje gjere noko i denne saka.

### B.1:

Når det gjeld område P5 så er dette ikkje opparbeidd i tråd med reguleringsplanen då Karlsen/Semmingsen har opparbeidd ein mur og fylling der. Dette krev dispensasjon frå reguleringsplanen. No er søknad komma inn, men underteikna har varsla at denne blir avvist viss det ikkje sendast inn skriftleg dokumentasjon på samtykke frå grunneigarane av området som ligg under P5 i reguleringsplanen.

No verkar det som dykk er positive og siste tilbakemedling her er at også den andre grunneigaren Oddrun Thorsen er positiv. Kommunen treng likevel skriftleg samtykke frå grunneigarane for å realitetsbehandla dispensasjonssøknaden. Ellast vil kommunen avvisa handsaming i tråd med plan-og bygningslova § 21-6.

Kommunen gjer det ein kan for å få slutføra ein lang prosess, og ønskjer å få avslutta saka så raskt det lèt seg gjere. Kommunen er likevel avhening av at dei involverte partane sjølv teke tak i saka og sikrar framdrift. Etter synet til kommunen gjer partane nettopp dette og det ser ut som det kjem ei løysing på sakane så snart det lèt seg gjere.



Med helsing

Christopher Marius Straumøy  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Mottakere:**

Arve Kjell Uthaug

Grønlandsvegen 15

5918

FREKHAUG